

## Måling: Meir enn ein av fire nordmenn fryktar Russland

Meir enn ein av fire nordmenn meiner at Russland utgjer ein trussel for Noreg. Det viser ei undersøking gjort av InFact for Dagbladet.

Heile 28,9 prosent av dei spurde seier at trusselen frå Russland er «stor eller «svært stor». Nokre færre, 28,7 prosent, meiner trusselen er liten eller

svært liten.

I undersøkinga har vel eitt tusen nordmenn svart på spørsmålet: Kor stor trussel meiner du Russland utgjer for Noreg? Svara er graderte på ein skala fra 1 til 5, der 1 er «svært liten fare» og 5 er «svært stor fare». (©NPK)

## Ny straumprisrekord i første kvartal

Hushalda betalte i snitt 117,2 øre/kWh for straum i første kvartal. Det er ny straumprisrekord, og rekorden frå førre kvartal er slått med god margin. Prisen er utan avgifter og nettleige, opplyser Statistisk sentralbyrå (SSB).

Fråtrekt straumstøtta vart like-

vel den totale prisen som hushalda måtte betale, betydeleg lågare enn i fjerde kvartal 2021.

Prisen for første kvartal er 75 øre/kWh høgare enn snittet for same periode dei siste fem åra. (©NPK)

# Gav Trude Brosvik gode i kampen for gang- og sykkelveg

**Gloppen KrF inviterte onsdag fylkespolitikar Trude Brosvik til Sandane for å gje ho gode argument i kampen for å få på plass ein gang- og sykkelveg på Fylkesveg 615 Sandane-Fitje.**

INGER H. ASKE LOTHE  
inger@firdatidend.no

Trude Brosvik (KrF) sit i Hovudutval for samferdsel og mobilitet, som skal handsame handlingsprogrammet for investeringar knytt til Regional transportplan 2022-2033 i komande veke, det vil seie 24. mai.

### Blir vedteke 21. juni

Saka skal vidare til fylkesutvalet, og skal vedtakast i fylkestinget 21. juni.

Handlingsprogrammet skal vere eit strategisk verktøy for å fastsetje kva prosjekt som er aktuelle for igangsetting og kva for prosjekt som skal planleggjast vidare.

Fylkesdirektøren legg i si tilråding opp til at gang- og sykkelveg på Fylkesveg 615 Sandane-Fitje (del 1) er eitt av prosjekta som kan startast opp i økonomiplanperioden 2023-2026. Delstrekning 1 er frå Sandane sentrum til Storebrua, og å leggje til rette for mjuk trafikantar her vil truleg koste ein stad mellom 45 og 105 millionar kroner.

### – Har kjempa for vegen

Det vert lagt opp til årlege rulleringar av handlingsprogrammet til Regional transportplan i fylkestinget i juni. Handlingspro-

grammet vert følgt opp gjennom investeringsprogrammet i dei årlege budsjett- og økonomiplanane.

Trude Brosvik har god kjennskap til Fylkesveg 615.

– KrF i Gloppen har vore veldig flinke til å minne oss på denne strekninga og behovet for ein gang- og sykkelveg. Eg har kjempa for at han skulle kome i prioriteten, både i gamle Sogn og Fjordane og no i Vestland, og for at han skal få planleggingsmidlar, seier ho.

### – Gjer inntrykk

Ho legg til at gang- og sykkelvegen ligg inne med planleggingsmidlar i 2022.

– Prosjektet ligg på lista over dei som er mest aktuelle, og eg ønskjer å jobbe for at han skal kome i prioriteten. Då må det setjast av pengar i 2023-25, seier Brosvik.

– Kva tenkjer du når du høyrer kva brukarane av vegen fortel?

– Det gjer sjølv sagt inntrykk. Eg har tidlegare vore med på å sykle denne strekninga, og har stor forståing for at foreldre er uroa for borna sine. Ein ting er at kommunen kan betale for skuleskyss, men folk er også avhengige av vegen på fritida. Det er ganske stor trafikk på vegen, og det er all grunn til å få realisert ein gang- og sykkelveg, held ho fram.

### Utbetringar i Hyen

Brosvik viser til at det er eit uttrykt politisk mål å gjere fylkesvegane tryggare.

– Då må vi mellom anna bygge fleire gang- og sykkelvegar og rassikre fleire vegar. Det er



Fylkespolitikar for KrF Trude Brosvik (f.v.), fekk møte brukarar av Fylkesveg 615 onsdag: Synne Sandal Birkeland, Anna Karin Wergeland Hansen, Arnfinn Brekke (KrF) og Svein-Ottar Sandal (KrF).

også viktig å utbetre strekningene vise punkt på allereie eksisterande vegar i staden for byggje

mykje nytt, seier ho.

På veg til Sandane onsdag køyrd ho gjennom Hyen.

– I gamle Sogn og Fjordane fylke var det KrF som fekk sett av 10 millionar kroner til punk-

## Sp lovar meir støtte til private eigarar av kulturminne

Senterpartiet si kulturpolitiske talskvinn på Stortinget lovar eit skikkeleg løft for kulturminnevernet i åra som kjem.

– Kulturminne gir folk røter, identitet og ein sjanse til å forstå og lære av historia, seier Åslaug Sem-Jacobsen til avisas

Nationen. Det er over 4300 freda kulturminne og kulturmiljø i privat eige i Noreg. Styreleiar i interesseforeininga Freda, Hans Roger Selnes, melder om stor frustrasjon og vonbrot blant eigarar av freda hus og gardsanlegg etter eit

kutt på 12 millionar kroner i statsbudsjettet for inneverande år.

– Vi fryktar at ein del eigarar vel å avfrede freda bygningar. Her må den nye regjeringa ta grep og auke tilskotsordningane, seier han. (©NPK)

## 75 prosent jenter i det nye ungdomsrådet

Stad kommunestyre har vedteke nytt ungdomsråd for 2022 til 2024. I det nye rådet er det 75 prosent jenter, noko som ikkje er etter krava i kommune-lova, skriv Fjordabladet.

## Edrueleg på Sandane

Alle dei 185 førarane som UP kontrollerte for promille på E39 ved Sandane torsdag var edru.

# argument sykkelveg



d, Eli-Anne Sandal Birkelund, Ingrid Wergeland med Elias Eide Wergeland i vognen, Kristine Wergeland, Ella San-

tutbetring i Hyen. No har vi brukt 16 millionar, og har utbeta sju punkt mellom Straumsholmen og Solheim. Det viser at det går an å

bruke pengane meir effektivt enn ein kanskje har gjort. Viss vi gjer det, har vi òg meir pengar til trafikktryggingstiltak som dette som

vi ønskjer å prioritere, seier Trude Brosvik.

## – Dette har vi venta på i 32 år

– Vi flytta frå Vereide til Elvaneset på Sandane i 1990, og har venta på gang- og sykkelvegen langs Fylkesveg 615 i 32 år, sa Anna Karin Wergeland Hansen i møte med fylkespolitikar Trude Brosvik (KrF) i Selvågane onsdag.

INGER H. ASKE LOTHE  
inger@firdatidend.no

Då familien flytta til Elvaneset, låg det føre planar for korleis vegen skulle vere.

### – Trafikken har auka

– Vi har hatt hjartet i halssen når dei fem borna våre har gått og sykla langs vegen. Løysinga har mellom anna vore å følgje dei opp til Åsavegen når dei skulle på skulen. Vi har venta og venta, men ingenting har skjedd, og i dag er borna blitt vaksne. No ser vi fram til at barneborna skal få glede av ein gang- og sykkelveg, seier Anna Karin Wergeland Hansen.

Dottera Kristine Wergeland bur også på Elvaneset.

– Det er fleire stygge, smale svingar på strekninga, og eg er blitt lærte opp til å gå på sjøsida. Det gjer det lettare for trafikantane å sjå meg. Sonen min på fire har gjerne lyst til å gå på Sandane eller sykle

til campingplassen, men vi tek ofte bilen, fortel ho, og legg til at trafikken på strekninga har auka.

### – Vi blir skvisa

– Omlegginga av tilkomstvegen til Åsen gjer at meir av trafikken går rundt Elvaneset. Det merkar vi, og det er blitt meir utsig for mjuk trafikantar å bruke Åsavegen til skule og fritidsaktivitetar. Vi har i grunn fått to utsigge vegar, peikar ho på.

Eli-Anne Sandal Birkelund og familien bur i Selvågane, ein knapp kilometer frå Sandane skule.

– Borna mine får skuleskyss på grunn av farleg skuleveg. Det er veldig skummelt å gå eller sykle i lag med ungane langs denne fylkesvegen. Her er mykje tungtransport, og i møte med desse køyretøyene føler ein seg svært liten. På eine sida blir ein skvisa ut i sjøen, på den andre er det fjellvegg. Og når to køyretøy møtest, er det ikkje plass til mjuk trafikantar, fortel ho.